

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
099/19	Plan- og miljøutvalet	PS	25.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hans Kristian Dolmen	18/1618

Detaljplan E39 Vikane - Eikangervåg - Framlegg til 1. gongs handsaming - planID 1263 - 201804

Vedlegg :

DP Vikane - Eikangervåg Planskildring 250719DP Vikane - Eikangervåg Plankart Del 1 250719DP Vikane - Eikangervåg Plankart Del 2 250719DP Vikane - Eikangervåg Plankart Del 3 250719DP Vikane - Eikangervåg Føresegn 25.07.2019DP Vikane - Eikangervåg Merknadar 190319DP Vikane -Eikangervåg Kulturminne HFKDP Vikane - Eikangervåg KU Kulturarv - 220119DP Vikane - Eikangervåg KU Naturmangfald 240119DP Vikane - Eikangervåg Geologi 250119DP Vikane - Eikangervåg VA-rammeplan - 241018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å leggje framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, planID 1263-201804, ut til høyring og offentleg ettersyn.

Plan- og miljøutvalet - 099/19

PM - behandling:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:
I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å leggje framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, planID 1263-201804, ut til høyring og offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Levekårsutvalet. Saka skal ved 1.gongs handsaming avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Bakgrunn (Frå planskildringa s.3-6)

«Statens vegvesen Region vest legg med dette fram forslag til detaljregulering for E39 Vikane-Eikangervåg i Lindås kommune. Planframlegget opnar mellom anna for etablering av nytt tilbod for mjuke trafikantar i form av ny gang- og sykkelveg langs Europavegen. Prosjektet er ein del av Nordhordlandspakken.»

Planforslaget er utarbeida av Statens vegvesen Region vest, som også er tiltakshavar for prosjektet. Til å utarbeide plandokument har Statens vegvesen engasjert Rambøll Norge AS.

Strekninga langs E39 Vikane-Eikangervåg skal utbetrast med omsyn til trafikktryggleik og tilbod for mjuke trafikantar. Strekninga er eit av prosjekta i Nordhordlandspakken og er prioritert som nr. 17 av 19 prosjekt.

Vegen er i dag for smal til å etablere forsterka midtoppmerking, og det finst ikkje tilbod for gåande og syklande. Det ligg føre ein godkjent reguleringsplan for strekninga frå 1995, men denne er utdatert og kan ikkje brukast til ekspropriasjon. Reguleringsplanen er heller ikkje i samhøve med dagens vegnormalar. Dette er bakgrunnen for at det no vert fremma eit nytt planframlegg for vegstrekninga langs E39 Vikane-Eikangervåg.»

Samfunns mål:

- Betra trafikktryggleik på E39
- Auka del mjuke trafikantar i områda Eikangervåg/Fyllingsnes.

Effekt mål:

- Tilfredsstillande tilbod for mjuke trafikantar langs E39 i områda Vikane – Fyllingsnes – Eikangervåg
- Trafikksikker kryssing av E39 for mjuke trafikantar på to angjeve punkt (Fyllingsnes og Eikangervåg)
- Trafikksikker utforming av kollektivhaldeplassar på strekninga
- Auka trafikktryggleik for køyrande på strekninga, utviding av vegen med forsterka midtoppmerking og utbetring av sideterreng

Tilhøve til overordna plan og retningslinjer

Planarbeid skal kome i møte ulike statlege og regionale føringar og mellom anna skal dette arbeidet ta omsyn til:

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge sine interesser der føremålet med retningslinene er å:

- Synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova
- Gje kommunane betre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unge sine interesser i si planlegging og byggesakshandsaming
- Gje eit grunnlag for å vurdere saker der barn og unge sine interesser kjem i konflikt med andre omsyn/interesser

Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging der føremålet med retningslinene er å:

- Leggje til rette for løysingar som gjev korte avstandar i det daglege og ei effektiv samordning mellom ulike transportmåtar
- Lage klare skilje mellom utbygde område og område for landbruk og friluftsliv
- Sikre omsyn til statlege normer og retningslinjer for miljøkvalitet i arealplanlegginga
- Ta omsyn til regionale skilnadar og behov knytt til lokalisering av offentlege og private servicetilbod

Statens vegvesen arbeider no med ein kommunedelplan på strekninga E39 Flatøy – Eikefettunnelen. E39 Vikane-Eikangervåg inngår i denne strekninga. Det er bestemt at E39 ikkje skal gå i dagens trasé og E39 Vikane-Eikangervåg blir då mogleg nedklassifisert til lokalveg.

Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel (KPS 2017) har som styringsverktøy ei rekkje mål og strategiar for samfunnsutviklinga i Lindås. Dette framlegget til reguleringsplan kan vere med på å byggje opp under fleire av desse, mellom anna:



Tema 3 Attraktive nærmiljø

Me vil ha gode, trygge og aktive nærmiljø som fremjar god helse

- Leggje til rette for spreidd busetnad og mindre byggjefelt i heile kommunen (Strategi 32)
- Sikre trygg ferdsel for barn og unge frå bustadområde til skular og andre aktivitetar i nærmiljø (Strategi 34)

Tema 5 Klima og miljø

Me vil utvikle eit samfunn som er meir klima- og miljøvennleg og energieffektivt

- Utvikle naudsynt infrastruktur slik at fleire skal kunne nytte miljøvennlege transportmedel (Strategi 55)
- Me vil ha ei samfunnsutvikling som er berekraftig og tilpassa klimaendringane. Byggje ut infrastruktur som legg til rette for mjuke trafikantar (Strategi 59)

Tema 6 Livsmeistring og fellesskap

Me vil at innbyggjarane i Lindås kommune opplever god livskvalitet og meistring i eigen kvardag

- Utvikle nærmiljø, arenaer og møteplassar som sikrar at alle kan delta og høyre til (Strategi 72)
- Arbeide for at alle har like moglegheiter til å delta på kultur-, aktivitets- og fritidstilbod (Strategi 73)
- Fremje folkehelse og styrke førebyggjande arbeid i alle sektorar (Strategi 76)

Tema 8 Samfunnsryggleik og beredskap

Vi skal ivareta innbyggjarane sin sikkerhet og tryggleik, og på den måten redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur

- Arbeide systematisk og heilskapleg med samfunnsryggleik i samfunnet generelt (Strategi 94)

Kommunedelplanen for trafikksikring 2017-2020

Lindås kommune ynskjer å ha stort fokus på trafikksikringsarbeid. Dette er eit nasjonalt satsingsområde som Lindås kommune ynskjer å ta del i for å førebyggje at ulykker skjer, og for å redusere skadeomfang ved ulykker.

I 2015 vart Lindås kommune godkjend som ein trafikksikker kommune i samarbeid med Trygg Trafikk. I perioden 2006 – 2016 har 38 % av ulykkene i Lindås kommune skjedd langs Europaveg E39.

Eit av hovudmåla i KDP for trafikksikring er å betra vegutforminga og gjennomføre fysiske tiltak for å få eit vegnett med færre ulykker og utan alvorleg skadde eller drepne. Det vert lagt vekt på at tilbodet til mjuke trafikantar må utbetrast, særleg i samband med skuleveg.

Planframlegget for Vikane-Eikanger vil vere i tråd med kommunedelplan for trafikksikring.

Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel (KPA 2011) har som styringsverktøy rammer for arealbruk og krav til funksjonar innan for planlagde område. Det føreslegne planområdet er eksisterande veganlegg med omsynssone knytt til støy. Støysona er i all hovudsak LNF-område.

Planområdet

Planområdet er ein del av Osterfjordvegen (E39) og strekk seg frå Vikane ved avkøyrsla til Sauvågen austover over Solåsbakken og fram til brua ved Eikangervågen.

Arealbruksføremål og føresegn

Areala innan for planområde er i stor grad sett av til landbruk, natur og friluftsområde (LNF). Vidare er det større regulerte areal sett av til bustadføremål sør for vegen og viss endeleg plassering for ny skule i området er satt vil og den liggje sør for E39 og knytt til denne parsellen av vegen. Ny avkøyrsla eller kryss er ein del av reguleringsarbeidet. Vidare er det bensistasjon (Vaage karosseri) med tilhøyrande anlegg, bustadar og ein del eldre fritidsbustadar knytt til planområdet.

Førsegna knytt til arealplanen og særskilt dette planområdet stillar mellom anna krav om detaljregulering og vurdringar knytt til mellom anna miljø og landskap.

Eikangervåg



Vikane



Utsnitt kommuneplanens arealdel

Gjennomføring av planarbeid

«Statens vegvesen Region vest legg med dette fram forslag til detaljregulering for E39 Vikane-Eikangervåg i Lindås kommune. Planframlegget opnar mellom anna for etablering av nytt tilbod for mjuke trafikantar i form av ny gang- og sykkelveg langs Europavegen. Prosjektet er ein del av Nordhordlandspakken.»

Etter oppstartsmøte 19.4.2018 vart det varsla oppstart i lokalavis og det vart gjennomført eit folkemøte 22.5.2018. Innan fristen for innspel 26.6.2018 kom det inn totalt 17 merknadar til oppstarten der 9 var frå offentlege instansar og 8 frå private. Gjennomgang av innkomne innspel synast grundig og Lindås kommune har ut frå oppsummeringa sommar gjeve ikkje ytterlegare kommentarar. Innspela både frå private og offentlege synast fullnøyande teken i vare (sjå heile oppsummeringa i vedlegg)

Framlegg til plan

Planområde strekk seg frå Vikane til Eikangervåg, ei strekning på om lag 2km. Det er utarbeida et fyldig grunnlagsmateriale for framlegget til plan. Det gjeld fleire fagrapportar over ulike plantema. Me tar opp nokre av dei nedanfor. Sjå elles planskildringa for samandrag av dei ulike plantema

Skildringa av dagens situasjon kring planområdet syner ingen overraskingar. Det er ikkje etablerte tilhøve langs E39 med til dømes samanhengande tilbod til mjuke trafikantar. Skildringa av framlegget til plan (s.31-40) syner at trafikktryggleik vert tatt på alvor og at tilhøva for mjuke trafikantar forbetra. Vidare er det plan for utbetringar av avkøyrsløp og busshaldeplass.

Det er utarbeidd ein VA-rammeplan for prosjektet. Føremålet og målsetjinga med denne er for det fyrste å sikre handtering av overflatevatn langs veganelgget. For det andre gjeld førebygging av ureining.


Verknadar av plan (s.41-49) vil etter planen forbetra tilhøva for mjuke trafikantar om det er skuleelevar eller forbipasserande i vesentleg grad. Utbetringar knytt til avkøyrsløp og kryss vil monleg gjere strekninga meir trafikksikker for alle typar trafikantar.

Plankart og hovudgrep

Plankartet har relativt stor utstrekning og lite tenleg og syne fram i sin heilskap her så det visast til vedlegga der planområdet er gitt med plankart del 1, 2 og 3.

Det ein kan gjere er å skildre hovudgrepa og sjå noko nærare på avkøyrslar og kryss som skal verte utbetra. Frå Vikane er gang- og sykkelveg lag på austsida av vegen fram til undergang / kulvert like ved bensinstasjonen (sjå utsnitt3) der det leggjast opp til å rydde noko i dagens situasjon. Gang- og sykkelvegen strekk seg vidare på søraust sida av E39 fram til nytt kryss til bustadområde og ny skule.


Utsnitt 1 frå plankart del 1



Avkøyrslar på rett strekning mellom Vikane (Hagesenter) og av litt skarpe svingen med avkøyrslar til Fyllingsnesvegen.


Avkøyrslar f_SV1 er eksisterande, men vert utbetra, delar seg og gjev tilkomst begge vegar.

Utsnitt 2 frå plankart del 2



Avkøyrslar i sving inn på Fyllingsnesvegen. Krysset vert utbetra, men vil verte liggjande om lag som idag.


Utsnitt 3 frå plankart del 2



Utsnittet syner planlagt løysing til trase for gang- og sykkelveg. Ein arm vil lede fram til haldplass for buss (o_SKH1) og bensinstasjonen.

Den andre delen går ned og under vegen i tunnel / kulvert. Kjem opp på sør sida av vegen og leiar til haldplass for buss (o_SKH2) og vidare mot planlagt kryss til bustadområde og ny skule (Sjå utsnitt 4).


Utsnitt 4 frå plankart del 2



Området kring bensinstasjonen som er sett av til parkering, næring og bustad.

Hovudtilkomsten til stasjonen vil vere om lag ved pila for avkøyrslse. Dette vil og vere tilkomst for parkering og areal som ligg bak stasjonen. Det vil vere mogleg og nytte avkøyrsla lengst aust.

Utsnitt 5 frå plankart del 2




Planlagt ny avkøyrslse frå E39 og I sørlig retning inn I gjeldande plan for bustad.

Dette vil og vere avkøyrslse til framtidig skule i området.


Dei gult-orange farga områda særleg synleg her er planlagt og avsatt areal til rigg og anlegg under gjennomføring.

Utsnitt 6 frå plankart del 3



Avøyrsla f_SV7 er eksierande. Den vil verte utbetra og tener som tilkomst til eksisterande bustadar.

Utsnitt 7 frå plankart del 3




Nordre og austre del av planområdet. Gang- og sykkelvegen ligg på austre side av E39 frå krysset til ny skule og bustadområde.

Her i nordre delen går gang- og sykkelvegen under E39 og går ned til Fyllingsnesvegen og gamle brua over Eikangervågen

Fagrapportar – Plantema

Til grunnlag for framlegget til plan er det utarbeida fleire fagrapportar knytt til særskilte plantema. Administrasjonen vil peike på nokre av desse:




Kulturmiljø

Det er definert til saman 18 kulturmiljø i plan- og influensområdet. Som svar på Hordaland fylkeskommune sitt varsko om at området ikkje er dekket av SEFRAK-registeret og ynskjet om ei registrering av bygningar og anlegg frå nyare tid, er det i rapporten teke med alle bygningar eldre enn 1966 (eldste ortofoto). Dette omfattar ei rekkje fritidsbustader frå 1960- åra som vanlegvis truleg ville ha vorte utelatne frå verdivurdering.

Dei største kulturhistoriske verdiane ligg sør og aust for planområdet:

KM 10: ruinar, steingardar, bygningar og jordbrukslandskap langs nordgrensa for garden Fyllingsnes si innmark (grense anno 1891). I andre samanhengar ville dette miljøet kunne utvidast sørover til å omfatte tuna og den sentrale innmarka på garden KM 17: Miljøet som vaks fram frå slutten av 1800-talet kring rutebåtkaia, med meieri, ishus, handelshus, sagbruk, drengestove, folkebad med meir.



Naturmangfold

Fagrapport syner ikkje raudlistearter eller verneverdige tihøve i planområdet. Det er likvel viktig å peike på at største negative påverknaden på artar er generelle arealendringar. Når det gjeld vatn og vassmiljø er det særleg konkrete tiltak som tørrlegging av bekkeløp, drenering og fylling av massar som er uheldig. Det er vidare peika på at moglegehetn for fiskevandring er viktig. Ved gjennomføring er tilslamming og tilførsel av finsediment særleg viktig å unngå.

Som utgangspunkt førset ein at VA-rammeplan for anlegget skal fange opp avrenning frå vegen som kan ha skadeverknad for vassmiljøet. Ein skal arbeide for å overhalde dei mijømåla som ligg for Vassregion Hordaland.

Støy

I høve til nærmiljø peiker rapporten på at samanhengande GS-veg knyter bygda saman og gjev eit trygt alternativ for gåande og syklende på strekninga.

Vurderinga av støysituasjonen for eksisterande bustadar, samt planlagte langs strekninga er utført basert på T-1442 og i henhold til Statens vegvesens praktisering av denne. Det tyder at viss støynivået er $L_{den} > 55$ dB og aukar med meir enn 3 dB skal det vurderast tiltak mot utandørs støy.

Berekingane syner at støynivået ved eksisterande og nye bustadar vert endra med mindre enn 3 dB. I henhold til vegvesenets praktisering krevs det difor ikkje tiltaksutredningar. På grunn av gunstig terrengsituasjon tilrås det likevel at man vurderar enkle tiltak, som til dømes jerseyblokker (0,9 m høye) langs deler av strekningen på sørsiden av E39.

ROS-analyse

ROS-analysen (kap.5) er gjort i forbindelse med planarbeid for E39 Vikane - Eikangervåg i Lindås kommune. Formålet med reguleringsplanen er å utbetre vegstrekninga særlig i høve til mjuke trafiknatar.

«Analysene r gjennomført i tråd med Lindåsk ommunes ine matrise for ROS-analyseorg med temaliste henta frå rundskriv Gs-1/01 frå DSB. Moglege uønskte hendingar som kan påverke vegen sin funksjon er vurdert, jfr. vedlagt sjekklste. Berre tema som er relevante innanfor planområdet og for tiltaket er vurdert.»

Kartlegginga av risiko og sårbarhet gjer synleg at gjennomføring av framlegget til plan vil forbetre dei fleste faktorar er målbare parametre som er rekna opp i høve til hending eller situasjon. Kartlegginga syner at for vurderte hendingar / situasjonar er 2 i raud kategori (må gjerast tiltak) og fleire i gul kategori som er seier at ei bør gjere noko meir.

Ein har i vurdringa komen med framlegg til tiltak fortløpande, men ein finn og ei oppsummering (kap.5.3) som tek føre seg raud og gul kategori. Dei to hendingane i raud sone gjeld skred eller steinsprang og registrerte fornminne. Ein har lagt fram konkrete tiltak for løysing, og ein forutset at det vert gjort ei avklaring gjennom høyringsperioden når det gjeld fornminna medan moglege soner for steinsprang må sikrast eller utbetrast.

Vurdering

Plandokumenta

Til framlegget til plan er det utarbeid eit naudsynt og fyldig planmateriale. I tillegg til dei vanlege og pålagte planskildring med ROS-analyse (25.7.2019), plankart (25.7.2019), føresegner (25.7.2019) er det naudsynte fagrapportar og vegteknisk dokumentasjon.

Framlegget til plan er grundig gjennomarbeida og grunnlag for ulike plantema er utarbeidd. Dei delane av materialet som er gjeld sjølve planarbeidet synast fullnøyande både i høve til det som gjeld trafikksikring og vegutforming, men og dei tilhøve som skal takast i vare lokalt. Ein ser ikkje grunn for at ein ved gjennomføring ikkje skal kunne oppnå dei målsetingane som er satt for arbeidet

ROS-analyse tar utgangspunkt i akseptkriteria fastsett for Lindås kommune. Framstillinga av sannsyn og konsskvens er gjort slik ein er vant med, og vurderingane knytt til tema for Situasjon / hendingar som er vurdert kjem godt fram. Administrasjonen meiner at dei avbøtande tiltaka som er skildra som utgangspunkt er fullnøyande. Viktige rammer ligg i VA-rammeplan og føresegnene.